



Jon Harald Kjærland syner fram eit klenodie av piano. Han vonar det kan koma til nytte i bygda.

**Nelly og Jon Harald Kjærland vil gje eit klenodie av eit piano til eit godt føremål i bygda.**

**Pianoet er levert frå Grøndahl, Christiania og har namnet: Carl Hardt, Stuttgart.**

**Tangentane er av elfenbein. Instrumentet er frå før 1920 og har vore på garden så lenge ein kan minnst.**

Rett nok har pianoet vore på vandring, fyrst til slekta Kleiberg på Sunde, seinare utlånt til Harald Strand i Omvikedalen og til Arne Bygstad på Løfallstrand.

Det kom attende til Haugland i heimen til Torunn og Peder A. Kjærland i 1984 og vart så flytta til Kjærland.

Dermed var pianoet komen attende til utgangspunktet.

Borna deira, Erlend og Maria, har brukt instrumentet som elevar i kulturskulen.

Eit så gammalt piano treng justering og stemming.

To tangentar er slappe i anslaget. Notebrettet er defekt og må limast.

Elles er pianoet godt brukande alt i dag.

Nelly og Jon Harald har tenkt slik at det er piano i Bedehuset og i Helgheim.

I Vonheim, på Haugland skulemuseum og på Bygdetunet Rød er det orgel.

Då høver det godt å tilby instrumentet til Gamleskulen.

Styret i Uskedalen Utvikling må sei om dette er ei gáve ein vil ta imot.

Om ikkje kan det vera aktuelt med andre gode arenaer.

Slik vi ser er det trong for eit piano i Gamleskulen.

Her er det ulike møte og samlingar. Gamleskulen er møteplassen i bygda.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal